

Arbeidsinstruks for Hamnesjef i SA Naustdal Båtlag med ansvar for utleige av straummålar

Fastsett av styret 23. april 2015

1. Straummålar vert leigd ut av SA Naustdal Båtlag mot eit depositum fastsett av styret.
2. Styret fastset straumpris og årleg leige av straummålar.
3. Ved utleige av straummålar skal leigeavtale fastsett av styret nyttast. Leigetakar og SA Naustdal Båtlag v/hamnesjef skal skrive under på leigeavtalen. Namn på leigetakar, målarnummer og målarstand mv. skal fyllast ut.
4. Hamnesjef skal rapportere namn på leigetakar, målarnummer og målarstand til kasserar.
5. Hamnesjef skal gjere leigetakar merksam på § 10 i Hamnereglane og NEK 400-7-709, som er vedlegg til hamnereglane.
6. Dersom det skulle oppstå feil på straummålar skal dette meldast til hamnesjef som er ansvarleg for utleige av målar. Alle feil som eventuelt skulle oppstå frå uttak av målar og ombord i kvar båt, er leigetakar sitt ansvar. Ved feil skal straumen koplast frå og ikkje koplast til att før feilen er utbetra.
7. Hamnesjef skal sjå til at berre godkjent kabel vert nytta frå straummålar og ombord i båtane. Jord skal alltid vere tilkopla og kabelen skal minimum vere 2 x 1.5 kvadrat jorda kabel. Straumkabelen mellom straummålar og ombord i båten skal ikkje vere lenger enn det som trengst. Straumsnelle kan nyttast når heile straumkabelen er dratt ut.
8. Hamnesjef skal 1. april kvart år lese av målarstand på utleigde straummålarane og føre dette i eigen protokoll. Hamnesjef skal rapporterer målarnummer og målarstand til kasserar.
9. Montering av straummålar skal avtalast med hamnesjef i god tid. Hamnesjef skal som hovudregel montere straummålar innan 14 dagar.
10. Brot på reglane kan føre til inndraging av målar.
11. Hamnesjef skal rapportere brot på reglar mv. til styret.